

# MØTEBOK

<b>Organ</b>	Vestlandsrådet
<b>Møtestad</b>	Victoria Hotel, Stavanger
<b>Møtedato</b>	01.12.2009
<b>Kl.</b>	0900 - 1430

## **Faste medlemmer til stades:**

Tom Tvedt (Ap, Rogaland)  
Ola Ingvaldstad (Frp, Rogaland)  
Jarle Braut (V, Rogaland)  
Torill Selsvold Nyborg (Krf., Hordaland)  
Gisle Handeland (Ap, Hordaland)  
Mette Homefjord Olsen (SV, Hordaland)  
Åshild Kjelsnes (Ap, Sogn og Fjordane)  
Mathias Råheim (H, Sogn og Fjordane)  
Olav Bratland (H, Møre og Romsdal)  
Jon Aasen (Ap, Møre og Romsdal)  
Gunn Berit Gjerde (V, Møre og Romsdal)

## **Forfall til møtet:**

Nils R. Sandal (Sp, Sogn og Fjordane)  
Elin Merte Førde (Frp, Sogn og Fjordane)  
Heidi Kathrin Osland (SV, Sogn og Fjordane)  
Ellen Solheim (Krf, Rogaland)  
Janne Johnsen (H, Rogaland)  
Tom-Christer Nilsen (H, Hordaland)  
Terje Søviknes (Frp., Hordaland)  
Svein Atle Roseth (Krf., Møre og Romsdal)  
Frank Sve (Frp., Møre og Romsdal)

## **Varamedlemmer til stades:**

Jenny Følling (Sp, Sogn og Fjordane)  
Solveig Ege Tengesdal (Krf., Rogaland)  
Ragnhild Osmundsen (H, Rogaland)  
Mona Røsvik Strømme (H, Hordaland)  
Randi W. Frisvoll, (Krf., Møre og Romsdal)  
Det møtte ikkje varamedlem for Elin Merete Førde (Frp., Sogn og Fjordane), Terje Søviknes (Frp., Hordaland), Heidi Kathrin Osland (SV, Sogn og Fjordane) og Frank Sve (Frp. Møre og Romsdal)

**Til stades med tale-/framleggsrett:** Fylkesrådmann Jan Øhlckers, Sogn og Fjordane  
Fylkesrådmann Liv Fredriksen, Rogaland  
Fylkesrådmann Paul M. Nilsen, Hordaland  
Seniorrådgjevar Olav Breivik

**Sekretariat for møtet:** Trond Ueland

I Nils R Sandal sitt fråver, leia Åshild Kjelsnes møte.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 17.09.2009 vart godkjend.

Det vart protokollført at Jon Aasen skriv namnet sitt slik Aasen – og ikkje slik – Åsen. Det vart vidare ytra ønskje om at deltakarane vert presentert i møteinnkallinga og referat med markering av fylke og partitilhøyre.

På møte vart det elles lagt fram referat frå møte i AU og kopi av brev til fiskeri- og kystdepartementet om fiskerihamner både i Austevoll og i Herøy. Det vart òg ytra ønskje om at referat frå AU vert sendt ut tidlegare.

Ettersom ein representant frå Innovasjon Noreg, avdeling Rogaland, var invitert til å delta på handsaminga av EXPO 2010, og ikkje kunne delta før seinare på dagen, vart denne saka handsama til slutt.

Åshild Kjelsnes leste elles opp helsing frå statsråd Liv Signe N, som takka for blomar ho fekk som ny statsråd i kommunal- og regionaldepartementet frå Vestlandsrådet.

## **Open time**

### **Fagskulane**

AU får fullmakt til å utarbeide ein felles uttale til sentrale styresmakter om finansiering, organisering og utvikling av fagskuletilbodet i dei fire fylkeskommunane / fylka. Uttalen bør òg inkludere spørsmål om statleg finansierings av den fylkeskommunale forvaltninga av folkehelsearbeidet som følgje av forvaltningsreforma.

### **Sams vegadministrasjon – heve vår røyst**

Statens Vegvesen får midlar til å administrere sams vegadministrasjonen i samband med forvaltningsreforma. Grunngevinga og bruken av desse midlane vert det gjort lite greie for. Det var derfor semje om at midlane Statens Vegvesen får for å administrere sams vegadministrasjonen, må følgjast opp.

**SAK 14/09****Ekspressbuss Vestlandet - status og framdrift****Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Vestlandsrådet har i regi av prosjektet "Ekspressbuss Vestlandet" vurdert grunnlaget for å få til eit samordna ekspressbuss tilbod på strekninga Stavanger - Trondheim basert på eit samarbeid mellom selskapa som i dag driv ekspressbussruter på strekninga. M.a. med omsyn til konkurranselover tyder mykje på at eit slikt selskapssamarbeid ikkje er mogeleg i dag. Vestlandsrådet vedtek at arbeidet etter denne modellen vert avslutta i denne omgang. Det vil likevel vere aktuelt å sjå nærare på felles marknadsføringstiltak for eksisterande rutetilbod når ein kjem attende til Vestlandsrådet for endeleg handsaming.
2. Vestlandsrådet vil i regi av prosjektet "Ekspressbuss Vestlandet" ta naudsynt kontakt med Samferdsledepartementet for å greie ut grunnlaget for å samle løyvevemynde for heile strekninga Stavanger – Trondheim. På denne måten kan fylkeskommunane ta ansvar for den fylkesgrensekryssande persontrafikken etter same modell som den fylkesinterne trafikken. Vestlandsrådet vil elles arbeide for at eit samordna ekspressbusstilbod på Vestlandet må dekkjast i samarbeid med staten, slik vi kjenner det frå nasjonal politikk for jernbanetransport.
3. Vestlandsrådet ber om at saka vert lagt fram på nytt straks naudsynte drøftingar med Samferdsledepartementet er avslutta slik at ein kan gjere vedtak i den einskilde fylkeskommune/fylke samt starte arbeidet å førebu tingingar mellom fylkeskommunane/fylke og staten med omsyn til samordning.

**Endringsframlegg:****Representanten Gisle Handeland (Ap, Hordaland) sette fram slikt framlegg til vedtak:**

"Saka vert utsett"

**Avrøysting:**

Framlegg til vedtak frå representanten Gisle Handeland vart samrøystes vedteke. Ingen røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Saka vert utsett.

**SAK 15/09****Orientering og status i arbeidet med Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar og vidareføring av politisk arbeidsgruppe**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Vestlandsrådet tek orienteringa til etterretning.
2. I samband med at ein vil gjennomføre ei undervegsevaluering av Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar i 2010, bør Vestlandsrådet i tråd med den nye samarbeidsavtalen, vurdere å be fylkeskommunane/fylke ta ansvar for ei vidareføring av Vestlands-programmet som eit fylkeskommunalt overgripande samarbeide.
3. Den politiske gruppa som har ansvaret for å følgje opp EU sin maritime strategi i Vestlandsrådet skal også nyttast som "finansgruppe" i Vestlandsprogrammet.

**Endringsframlegg:****Representanten Torill Selvold Nyborg ( Krf , Hordaland) sette fram slikt framlegg til nytt punkt 2 i staden for punkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:**

- "2. I samband med at ein vil gjennomføre ei undervegsevaluering av Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar i 2010, vil Vestlandsrådet i tråd med den nye samarbeidsavtalen be fylkeskommunane / fylke ta ansvar for ei vidareføring av Vestlands-programmet som eit fylkeskommunalt overgripande samarbeid. "

**Avrøysting:**

Framlegget frå representanten Torill Selvold Nyborg til punkt 2 vart samrøystes vedteke. Ingen røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen til punkt 2. Punkta 1 og 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet tek orienteringa til etterretning.
2. I samband med at ein vil gjennomføre ei undervegsevaluering av Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar i 2010, vil Vestlandsrådet i tråd med den nye samarbeidsavtalen be fylkeskommunane / fylke ta ansvar for ei vidareføring av Vestlands-programmet som eit fylkeskommunalt overgripande samarbeid.
3. Den politiske gruppa som har ansvaret for å følgje opp EU sin maritime strategi i Vestlandsrådet skal også nyttast som "finansgruppe" i Vestlandsprogrammet.

**SAK 16/09****Båtruta frå England****Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Vestlandsrådet vil delta i eit breitt politisk initiativ frå Vestlandet for å finne ei løysing med sikte på gjenoppretting av ei framtidretta heilårleg båtrote frå Newcastle til Bergen/Haugesund og Stavanger.

### **Endringsframlegg:**

#### **Representanten Tom Tvedt (Ap, Rogaland) sette fram slikt framlegg til vedtak:**

1. Vestlandsrådet vil saman med næringslivet jobbe fram om det er grunnlag for å få gjenoppretta ei framtidretta båtrote frå Vestlandet til Newcastle.
2. Det vert etablert ei arbeidsgruppe med fire representantar frå Vestlandsrådet / AU og representantar frå NHO og LO frå dei fire fylkeskommunane / fylke.

### **Avrøysting:**

Framlegg til vedtak frå representanten Tom Tvedt vart samrøystes vedteke. Ingen røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet vil saman med næringslivet jobbe fram om det er grunnlag for å få gjenoppretta ei framtidretta båtrote frå Vestlandet til Newcastle.
2. Det vert etablert ei arbeidsgruppe med fire representantar frå Vestlandsrådet / AU og representantar frå NHO og LO frå dei fire fylkeskommunane / fylke.

### **SAK 17/09**

#### **EXPO 2010 OG SAMARBEIDSRELASJONAR MED KINA**

##### **VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet peiker ut ein delegasjon som reiser til Shanghai i 2010 i samband med EXPO 2010.
2. Representantane frå Vestlandsrådet deltek som del av ei samla Vestlandsgruppe. Målet er å sjå nærare på grunnlaget for å etablere nærare kontakt med den kinesiske marknaden i partnerskap med sentrale nærings- og samfunnslivsaktørar på Vestlandet, vurdere framtidige relasjonar med Kina, og å framstå samla på Vestlandet overfor potensiell etablering av Kinesiske relasjonar i framtida.
3. Rogaland fylkeskommune får ansvar for å koordinere arbeidet og får fullmakt til å engasjere naudsynt hjelp til å organisere og gjennomføre arbeidet.
4. AU vil vere styringsgruppe for arbeidet.

### **SAK 18/09**

## Verftsnæringa og finanskrisa

### Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Vestlandsrådet vil engasjere seg for at det vert etablert ordningar som bidrar til å motvirke dei negative effektane av redusert etterspørsel og manglande finansiering innanfor verfts- og skipsindustrien. I første omgang vil Vestlandsrådet sende eit skriftleg brev til næringsministeren og be om eit møte. Her vil Vestlandsrådet særleg peike på følgjande aktuelle tiltak :
  - ❑ IFU- kontraktar: utvikling av neste generasjon miljøvennlege offshore fartøy, teknologioverføring frå maritim sektor til klimavennleg kraftproduksjon, miljøvenneleg motor (gass) og framdriftssystem (skrog/propell)
  - ❑ Fornyng av ferjeflåten gjennom statlege løyvingar
  - ❑ Fornyng av kystflåten gjennom sanerings- og finansieringsordningar.
  - ❑ Sjå på nærings- og sysselsettingspotensiale på Vestlandet når det gjeld skroting av utrangerte oljeplattformer
  - ❑ Kompetanseheving

### Endringsframlegg:

#### **Representanten Olav Bratland (H, Møre og Romsdal) sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt 3 i staden for kulepunkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:**

- ❑ ”Fornyng av fiskefartøy og kystflåten gjennom sanerings- og finansieringsordningar”

### Avrøysting:

Framlegget frå representanten Olav Bratland til nytt kulepunkt 3 vart samrøystes vedteke.

Ingen røysta for fylkesrådmannen si tilråding til kulepunkt 3.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen til punkt 1 og kulepunkta 1,2,4 og 5 vart samrøystes vedtekne.

### Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet vil engasjere seg for at det vert etablert ordningar som bidrar til å motvirke dei negative effektane av redusert etterspørsel og manglande finansiering innanfor verfts- og skipsindustrien. I første omgang vil Vestlandsrådet sende eit skriftleg brev til næringsministeren og be om eit møte. Her vil Vestlandsrådet særleg peike på følgjande aktuelle tiltak :
  - ❑ IFU- kontraktar: utvikling av neste generasjon miljøvennlege offshore fartøy, teknologioverføring frå maritim sektor til klimavennleg kraftproduksjon, miljøvenneleg motor (gass) og framdriftssystem (skrog/propell)
  - ❑ Fornyng av ferjeflåten gjennom statlege løyvingar
  - ❑ Fornyng av fiskefartøy og kystflåten gjennom sanerings- og finansieringsordningar

- Sjø på nærings- og sysselsettingspotensiale på Vestlandet når det gjeld skroting av utrangerte oljeplattformer
- Kompetanseheving

## **SAK 19/09**

### **Møteplan 2010**

#### **Frå fylkesråmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Møteplanen for 2010 vert slik:

*25 - 26. februar i Hordaland*

*11. juni i Sogn og Fjordane*

*21 – 22. oktober i Møre og Romsdal*

*10. desember i Rogaland*

#### **Endringsframlegg:**

#### **Representanten Tom Tvedt (Ap, Rogaland) sette fram slikt framlegg til vedtak:**

”Møte 10. desember 2010 vert flytta 13 januar 2011. (Møte skal vera i Rogaland)”

#### **Avrøysting:**

Framlegget frå representanten Tom Tvedt vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med den endringa som avrøystinga ovanfor medfører vart samrøystes vedteke.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Møteplanen for 2010 vert slik:

*25 - 26. februar i Hordaland*

*11. juni i Sogn og Fjordane*

*21 – 22. oktober i Møre og Romsdal*

*13. januar 2011 i Rogaland*

**SAK 20/09****Oppdrettskonsesjonar på Vestlandet****Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Det vert utarbeidd eit brev frå Vestlandsrådet til Kyst- og fiskeridepartementet basert på følgjande punkt:
  - Vestlandsrådet har registrert at fylka på Vestlandet i avgrensa grad vart til godesett med nye løyver for laks og aure i sjøvatn i 2009, og at eit større område i Ryfylke og store delar av Hordaland er føreslegne som unntaksområde ved tildelinga i 2010. Vestlandsrådet er samd i at ein bærekraftig filosofi framleis må gjelde. Ei auke i produksjonskapasiteten på 5% i Ryfylke og Hordaland vert ikkje oppfatta som å bryte med en slik filosofi.
  - Vestlandsrådet er uroa over negative konsekvensar på kort sikt for verksemdene som er etablert i unnataksområda, med manglane vekst og utviklingsmogeligheter. På lengre sikt vil det vera annleis når alle tiltaka som er sett i verk for betre fiskehelse- og miljøsituasjonen får effekt.
  - Vestlandsrådet har merka seg at nye dei forvaltningstiltaka inneheld stans i tildeling eller andre avgrensingar i høve til klarering av lokalitetar utan at varigheit er tilstrekkeleg kjent. Vestlandsrådet vil påpeike at alle tiltak må gjerast mellombels og med ein fastsett tidshorisont, og alle mellombelse ordningar må følgjast opp av eit klart definerte overvåkings- og evalueringsprogram.
  - Vestlandsrådet er av den oppfatning at verksemdene som blir ramma av nye forvaltningstiltak bør få straks erstatning eller andre fortrinn. Til dømes kan tenkast at staten bør bidra med å dekke kostnader, at verksemdar i slike områder kan gjevast ei fortrinn ved seinare tildelingsrundar, og at innretningar som seier at dei kan ta i bruk nye løyve eller ny produksjonskapasitet når miljøtilhøva tilseier at dette er forsvarleg, får fortrinnsrett.
  - Vestlandsrådet registrer at utviklinga mot ei innføring av eit arealliknande vern i fleire område. Sjølv om grunngevinga for dette kan vere ulik frå område til område, så set ein inn tiltak som på mange måtar kan ivaretaast gjennom eksisterande eller vidare utvikling av allereie etablerte tilsyns- og forvaltningsregime. Vestlandsrådet er av den meining at ein bør styrke dette arbeidet i staden for å innføre nye forvaltningsregime i utvalde område. På denne måten vil naudsynte tiltak kunne verte meir målretta mot det som er hovudutfordringa i eit område. Vestlandsrådet er uroa for at ein får ei utvikling med stadig fleire områder langs kysten med eigne forvaltningsregime.

**Endringsframlegg:****Representanten Tom Tvedt (Ap, Rogaland) sette fram slikt framlegg som nytt kulepunkt 6:**

”Vestlandsrådet meiner at vederlag for auka MTB må tilførast aktuelle kommunar (vertskommunar for anlegg) og fylkeskommunen.”



**Avrøysting:**

Det vart røysta punktvis.

Framlegget frå representanten Tom Tvedt til nytt kulepunkt 6 vart samrøystes vedteke.

9 røysta for kulepunkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

7 røysta mot.

10 røysta for kulepunkt 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

6 røysta mot.

Punkt 1, kulepunkta 1, 3 og 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Det vert utarbeidd eit brev frå Vestlandsrådet til Kyst- og fiskeridepartementet basert på følgjande punkt:

- Vestlandsrådet har registrert at fylka på Vestlandet i avgrensa grad vart til godesett med nye løyver for laks og aure i sjøvatn i 2009, og at eit større område i Ryfylke og store delar av Hordaland er føreslegne som unntaksområde ved tildelinga i 2010. Vestlandsrådet er samd i at ein bærekraftig filosofi framleis må gjelde. Ei auke i produksjonskapasiteten på 5% i Ryfylke og Hordaland vert ikkje oppfatta som å bryte med en slik filosofi.
- Vestlandsrådet er uroa over negative konsekvensar på kort sikt for verksemdene som er etablert i unntaksområda, med manglane vekst og utviklingsmogeligheter. På lengre sikt vil det vera annleis når alle tiltaka som er sett i verk for betre fiskehelse- og miljøsituasjonen får effekt.
- Vestlandsrådet har merka seg at nye dei forvaltningstiltaka inneheld stans i tildeling eller andre avgrensingar i høve til klarering av lokalitetar utan at varigheit er tilstrekkeleg kjent. Vestlandsrådet vil påpeike at alle tiltak må gjerast mellombels og med ein fastsett tidshorizont, og alle mellombelse ordningar må følgjast opp av eit klart definerte overvåkings- og evalueringsprogram.
- Vestlandsrådet er av den oppfatning at verksemdene som blir ramma av nye forvaltningstiltak bør få straks erstatning eller andre fortrinn. Til dømes kan tenkast at staten bør bidra med å dekke kostnader, at verksemdar i slike områder kan gjevast ei fortrinn ved seinare tildelingsrundar, og at innretningar som seier at dei kan ta i bruk nye løyve eller ny produksjonskapasitet når miljøtilhøva tilseier at dette er forsvarleg, får fortrinnsrett.
- Vestlandsrådet registrer at utviklinga mot ei innføring av eit arealliknande vern i fleire område. Sjølv om grunngjevinga for dette kan vere ulik frå område til område, så set ein inn tiltak som på mange måtar kan ivaretakast gjennom eksisterande eller vidare utvikling av allereie etablerte tilsyns- og forvaltningsregime. Vestlandsrådet er av den meining at ein bør styrke dette arbeidet i staden for å innføre nye forvaltningsregime i utvalde område. På denne måten vil naudsynte tiltak kunne verte meir målretta mot det som er hovudutfordringa i eit område. Vestlandsrådet er uroa for at ein får ei utvikling med stadig fleire områder langs kysten med eigne forvaltningsregime.
- Vestlandsrådet meiner at vederlag for auka MTB må tilførast aktuelle kommunar (vertskommunar for anlegg) og fylkeskommunen.

**SAK 21/09****Reform av EU sin felles fiskeripolitikk****Frå fylkesrådmannen lág det føre slik tilråding til vedtak:**

Vestlandsrådet utarbeider ei fråsegn til EU kommisjonen om revisjon av felles fiskeripolitikk basert på følgjande punkt:

- totalforbod mot utkasting av fisk
- strengare reaksjonar mot ulovleg, uregulert og urapportert fiske
- tilpassing av flåtekapasitet til ressursgrunnlag
- funksjonell organisering av fiskeriforvaltinga basert på nærleiksprinsippet
- sterkare virkemiddel i handhevinga av strategiane for forvalting av fiskeressursane
- havområdebasert forvalting på tvers av landegrensar, men med større medansvar for forvaltinga for desse makroregionane
- større fokus på miljø i fiskerinæringa
- fjerning av subsidiar
- forskings- og kunnskapsbasert forvalting av fiskebestandane
- diversifisering av næringa – levedyktige lokalsamfunn, utvikling av komplimentære næringar
- 'good governance' – samarbeid mellom alle aktørar, private og offentlege, medbestemming og medansvar

**Endringsframlegg:**

**Representanten Torill Selsvold Nyborg (Krf, Hordaland) sette fram slikt framlegg som nytt strekpunkt:**

"Internasjonal innsats i miljøopprydding i Nordsjøen."

**Avrøysting:**

Framlegg til vedtak frå representanten Torill Selsvold Nyborg og tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Vestlandsrådet utarbeider ei fråsegn til EU kommisjonen om revisjon av felles fiskeripolitikk basert på følgjande punkt:

- totalforbod mot utkasting av fisk
- strengare reaksjonar mot ulovleg, uregulert og urapportert fiske
- tilpassing av flåtekapasitet til ressursgrunnlag
- funksjonell organisering av fiskeriforvaltinga basert på nærleiksprinsippet

- sterkare virkemiddel i handhevinga av strategiane for forvaltning av fiskeressursane
- havområdebasert forvaltning på tvers av landegrensar, men med større medansvar for forvaltninga for desse makroregionane
- større fokus på miljø i fiskerinæringa
- fjerning av subsidiar
- forskings- og kunnskapsbasert forvaltning av fiskebestandane
- diversifisering av næringa – levedyktige lokalsamfunn, utvikling av komplimentære næringar
- 'good governance' – samarbeid mellom alle aktørar, private og offentlege, medbestemming og medansvar
- Internasjonal innsats i miljøopprydding i Nordsjøen

## **SAK 22/09**

### **Skriv og meldingar**

1. Notat frå fylkesrådmann vedk. : "Plattform for stasingsområda i samarbeidsavtalen."